



ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 9

November 1982

32. årgang

BØNN!

*For ikke å gå inn i vanviddet, ber vi deg,
Herre Jesus,
om hjelp.*

*Vi priser ditt navn, vi lovsynger deg,
vi herliggjøres i dine Ord,
du herliggjorte Guds Sønn.*

*Da jeg var liten trodde jeg bønnene gikk opp til
Vår Far
som kurver fra jorda og opp til Himmelenes skyer.
Nå tror jeg at Du gir oss Nåde fra himmelens
Trone
hvor du sitter med Faderen ved din høyre side,
og at det må være englene som ser ned til oss –
menneskebarna dine.*

*Vi drikker Lammets Blod under Nadverden i
Kirka,
til syndenes forlatelse og til minne.*

*Lykksalig, lykksalig, hver sjel som har fred.
Dog ingen kjenner dagen før solen går ned.*

Per Sveeggen

Du sår, — også om høsten

Hva har nå dette å så med høsten å gjøre; er det ikke ord som er forbeholdt våren? Tales det om korn og åker så er det vel slik. Men ellers sår vi året rundt, og det skal vi minne hverandre om. En strofe rinner oss i tankene: Det galler att så en ädel säd på vandringsgenom världen.

Ja, en edel sed. Vi bør undersøke det som såes og se etter om det er godt, om det vil vokse god frukt etter det, eller bare ugress og vondskap. Tenk om vi husket den strofen: Det gjelder å så en edel sed. Da skulle en kanskje ofte holde tann for tunge så ikke bitre ord krysses mellom menneskene. En edel sed. Det er de gode og kjærlige ordene, de som trøster i sorg, oppmuntrer den som går trett i livskampen, som tilskynder til kristen tro og et kjærlig liv. Det er bønnens vei for eget og andres liv. Da sår du i god jord, da vokser det til liv. Du sår alltid.

Hvilke ord sår du? Hva gror det etter ordene dine? Du sår i handling, i tankene dine også. En edel sed. Det er ikke å tenke stort om seg selv men gjerne lytte til Bibelen tale: Kappes om å hedre hverandre. Det er tanker om tilgivelse for Jesus skyld, ikke tanker til dom over din neste. Det er å la den ene hånd gjøre velsignelsens gjerning uten at den andre kjenner til det. Du sår alltid. «Bare før eders liv så som verdig er for det kall I er kallt med». Og et annet sted står det om vår Frelser og Herre også disse ordene: Han etterlot eder et eksempel . . .

Forts. side 7

SLEKTERS GANG



Døpte

ORKDAL:

24.10. Tore Melby
24.10. Anne Berit Andøl
24.10. Liv Marit Hansen

MOE:

10.10. Trygve Hjermann Berg

GEITASTRAND:

17.10. Eli Buhaug
17.10. Anita Svorkmo



Vigde

ORKDAL:

14.10. Petter Kvåle og Ragnhild Mary Øvereng (vigd hos sorenskr. i Orkdal)
22.10. Knut Birger Rønjom og Gunvor Melås

ORKANGER:

1.10. Steinar Bakk og Tove Vangen (vigd hos sorenskriveren i Orkdal).



Døde

ORKDAL:

02.10. Hans Sommervold f. 1899
03.10. Oline Marie Ebbesen f. 1909
08.10. Eli Vinterdal f. 1906
10.10. John O. Haugen f. 1904
10.10. Helmer Odin Sletvold f. 1892
19.10. Gjertrud Søvassli f. 1904

ORKANGER:

18.10. Marie Kristiansen f. 1899
03.10. Magnhild Dørdal f. 1904

ORKLAND:

14.10. Kristine Liøkelsøi f. 1895
22.10. Bernt Høston f. 1903

GEITASTRAND:

04.10. Ole H. Sletvold f. 1899

Orkdal menighet

Anna Thoresen har slutta som rengjøringsassistent i Orkdal kyrkje etter å ha vore i tenesten i 11 år. Anna har vore ein tru tenar. Ingen trong sjå etter om ho gjorde arbeidet sitt. Vi visste at det var utført til fullnads og til rett tid. Ho stelte med alle kyrkja sine rom som om dei var hennar egne. Rett forstått for Anna var dei også det. Lang veg til arbeidet hadde ho. Kilometrane bar mange og tunge - men aldri sautra ho av den grunn. Søndag 3/10 vart ho takka i Orkdal kyrkje av formannen i Orkdal sokneråd. Det skjedde ved begynnelsen av høgmessa. Samstundes vart

Den nye rengjøringsassistenten — TORIL AAS ynskt velkomen til samarbeid. Ho er nabo med arbeidsplassen sin.

Ein ungdom frå Eintrøa — Ungdom I oppdrag var så uheldig ein søndag han deltok ved vår gudsteneste at han anten i kyrkja eller ute på kyrkjegarden misste eit gullkors med kjede. Om nokon skal ha funne det — kan det leverast hjå soknepresten.

Eldretreff på Sølberget

Diakoniutvalget i Orkdal arrangerer eldretreff i Sølberget bedehus lørdag 13/11 kl. 1100. Det blir variert program. Andakt av Dagfinn Eriksen fra Bakksetra —. Skyss kan rekvireres over tlf. 80 600 apparat 233. Alle eldre i Orkdal sokn er velkomne.

19.—20. november har Orkdal

felleslag av NLM julesalg i Orkdal samfunnshus. Fredag kl. 2000 utstilling av salgsvarerene. Møte med misjonær Ottar Kiplesund. Orkdal ungdomskor. Kakeutlodning. Lørdag kl. 11.00. Åpning av salget. Tomtola, fiskedam, åresalg og aukasjon. Kl. 13.00. Familiemøte. Asbjørg Øxseth taler — koret. Refleks synger. Kaffesalg, varmrett, lefser, vafler m.m.

Kl. 19.00. Avslutningsmøte. Taler Jostein Høivik. Orkland mannskor. Alle velkomne.

Søndagsskoler:

Evjen: Hver søndag kl. 9.30 hos Dag Buhaug.
Fannrem: Hver søndag kl. 10.00 på Megården bedehus.
Stokkhaugen: Annenhver søndag hos Einar Stokkan.

Tentreff Megården:

Onsdag 24. november kl. 18.00: Besøk fra Eintrøa.
Onsdag 8. desember kl. 18.00: Viseaften.

Indremisjonen — Fannrem har møteveke 30/11 - 5/12.

Onsdag 1. er det basar og søndag 5. fest i Megården bedehus. Der syng ungdomskoret. Emisær Hans Helmersen er taler alle kvelde. Forøvrig vil sted og klokkeslett bli avertert i ST.

Orkanger menighet

Sang- og Musikk møte

i Orkanger bedehus søndag 21/11 kl. 17.00. Orkdal Ungdomskor og Bertel Aasen blir med. Diktlesing, loddsalg og bevertning. Ung og gammel er velkomne.

Basar på Orkanger

Orkanger eldre kvf. av NMS har basar i Orkanger bedehus mandag 6/12 kl. 19.00. Eli Aarsheim og Orkanger musikklag deltar. Alle er velkomne.

Klokkerskifte på Orkanger

Etter 4 år som klokker i Orkanger menighet har nå Agnes Singstad gått av etter oppnådd aldersgrense. Vi vil takke henne for den tjenesten hun har utført gjennom disse årene. Hun har vært en dyktig og trofast klokker og vi har satt stor pris på den gjerningen hun har gjort i Orkanger menighet.

Geitastrand menighet

Tentreff:

Gjølme torsdag 25. november: Langfilmen «Om å overleve».

Barnetreff Ofstad:

Fredag 19. november kl. 16.30: Film. Fredag 10. desember.

Forts. side 7-

MENIGHETSBLAD

for Orkdal prestegjeld
7330 Svorkmo

Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:
Gunerius Kjøren Jorhild Ljøkjel
Agnes Singstad
Redaktør:
Kaare Rogstad

Kasserar:
Einar Garberg, 7320 Fannrem.
Postgironummer 3 26 87 29.

Takk for gáver og kontingent.

Ekspedisjon:
Sigmund Gjelsvik, 7300 Orkanger.

Sats, layout og repro:
Fagerli Offset A/S
Trykk: Orkanger Offset A/S

Misjonsjubileum

Denne hausten kan Orkdal fellesforening av NMS sjå attende på 135 års virke. Samstundes feirer misjonsforeningane på Fannrem sitt 120 års jubileum. Begge desse åremål vart samstundes feira i Megården bedehus 31. oktober med ein storfin misjonsfest. Vår eigen misjonær Eli Årsheim (ho vert 70 år 20. oktober) helt festtalen. Den ga oss både innblikk og utblikk (les vyer) for norsk misjonsarbeid. No meiner ikkje redaktøren å laga noko referat frå denne festen — men heller gje nokre ord om norsk misjon. Den kristne kyrkja fekk misjonsoppdraget av meisteren sjølv. Slik seier han det i Matt. 28.18—19 «EG HAR FÅTT ALL MAKT I HIMMELEN OG PÅ JORDA. GÅ DIFOR UT OG GJER ALLE FOLKESLAG TIL LÆRESVEINAR, MED DI DE DØYPER DEI TIL NAMNET ÅT FADEREN OG SONEN OG DEN HEILAGE ANDE, OG LÆRER DEI Å HALDA ALT DET SOM EG HAR BODE DYKK. OG SJÅ, EG ER MED DYKK ALLE DAGAR SÅ LENGE VERDA STÅR.» Så gjeld også ordren alle som har tatt kristennamn. Likevel er det slik at ikkje alle kan reisa ut. Men dei som fekk nåde til å vera heime

— dei skal alle vera heimefront — d.v.s. forsyningstroppar. Vi heimeværande skal skaffa til veies alt det dei der ute treng. Attåt det skal vi ordna med bønnevakt ikring dei som er ute.

I Apostelgjerningane 4.12 står det: «DET ER IKKJE FRELSE I NOKON ANNAN: FOR I HEILE VERDA ER DET IKKJE NOKO ANNA NAMN MELLOM MENNESKER — SOM VI KAN VERTA FRELST VED:» Da skytnar vi at misjon må vera å forkynta om Jesus Kristus til alle folkeslag.

Om ordren gjekk ut til alle — så er det likevel dei ymse kyrkjelydane som må forvalte oppdraget. Kyrkjelyden er «Forsamlinga av Dei Heilage». Og nettopp kyrkjelyden er utrusta for misjonsoppdraget ved den lovnad Jesus ga i apostelenes gjerningar 1.8: «MEN DE SKAL FÅ KRAFT NÅR DEN HEILAGE ÅND KJEM OVER DYKK; OG DE SKAL VERA MINE VITNER I JERUSALEM OG HEILE JUDEA; I SAMARIA OG LIKE TIL ENDENE AV JORDA».

Har så misjonsordren fått den plass i våre 4 kyrkjelyder som den burde ha? Det er uråd å vera det menneskje som skal døma om slikt. Vi veit no at det i førre generasjonen gjekk ut mange misjonærer frå Geitastrand sokn og frå prestegjeldet vårt elles har det vore fleire misjonærer i kortare eller lengre tid ute. Men heimefronten? Ja, det finnst misjonsforeningar i mest kvar grenda i våre sokn. Men når vi tar til «å sjå dei etter i saumane», så er det tidt dei aller eldste av kvinnene våre som er med der og vi får høyra at det er skralt med rekrutteringa. Er det da slik at våre yngre kvinner og mest alle menn er fritatt frå misjonsoppdraget? Ånei, slik er det nok ikkje. Snarare er det vel slik at foreningsarbeidet i gamal stil lite høver for dagens familietilhøve — der begge ektefeller gjerne er ute i yrkeslivet. Over-skuddet til misjonsarbeid blir prioritert å gjera?

Men med dette utgangspunkt at ordren er gjeve til alle — må vi vera

oppfinnsame. 3—4 kan laga ei arbeidsgruppe. Da er det ikkje så vanskeleg å finna ambulerande møtetid — Slike smågrupper kan så vera tilknytt ei større forening. To—tre heimar kan slå seg i lag og ha misjonskveld kvar 14. dag t.d. der alle er med frå minstebarnet til eldstepensjonisten. Det var vel slik dei første misjonsgrupperingar vart til i mange grissgrendte bygdslag. Brevringar og bøneringar er også brukbare alternativ der andre fellesskapsformer ikkje lar seg ordna. «Kjærlighet oppfinnsom gjør» står det i ein av våre misjonssalmer. Det er sant. Så får kvar på sin kant freista sjå etter: «Kva kan eg gjera for misjonen». Ei ordna gjevarteneste kan iallefall ordnast for alle. Som ei lita opplysning til slutt kan underskrevne fortelja at på sokneprestkontoret ligg det nokre lydband utgjeve av NMS. Desse låner vi ut til foreningar, smågrupper og einskildpersonar.

K.R.

Vil med dette få meddele at jeg fra 1. nov. dette år, av helsemessige grunner, slutter med Hoff Begr.-byrå. Hoff Begr.byrå vil imidlertid fortsette med nye innehavere, som jeg er viss på vil yde den beste service og hjelp som pårørende har behov for i en vanskelig tid. Jeg vil også få takke for den tillit og takknemlighet vi alltid har følt i vårt arbeide, da vi var to og siden i alle år jeg har vært alene.

GUNVOR HOFF

Vi vil fortsette Hoff Begr.byrå under navnet

Hoff Begr.byrå's etterfølger innehar Marianne og Kjell Arne Gangås.

Vi vil være behjelpelige med alle ordninger ved begravelser og kremasjoner og utføre alle oppdrag samvittighetsfullt og rimelig.

Marianne og Kjell Arne Gangås adr.: Udduv. 10, Fannremsmoen telef.: (074) 82 641 Fannrem

SMÅTT OM MANGT

Orkdal menighetsblad skifter prenteverk

Heilt sidan starten i 1950 har Orkdal Menighetsblad vorte trykt på «Svorkmo Prenteverk a/s». No legg prenteverket ned drifta etter å halde på i 85 år. Det vart starta av K.M. Elda i 1897 og har heile vegen vore ein bærande kulturfaktor i bygdelaga her i kring. Det er med vemot Menighetsbladet no tar avskil med prenteverket og med TORE HOSTON som har vore bladets kontaktperson der. Tore Høsten har heile sitt vaksne liv vore tilsett på Prenteverket. Vi takkar for solid og godt handtverksarbeid og for ei hjelpsam hand og kyrkjelydsvenleg interesse langt ut over arbeidsdagens oppsette timetal.

Som nye samarbeidspartnarar får no Orkdal menighetsblad Fagerli Offset A/S og Orkanger Offset A/S. Desse to firma vil i fellesskap prente bladet vårt i tida frametter.

Hoffs begravelsesbyrå

får nye innehavarar. Fru Gunvor Hoff slutta 1/11 som leidar i begravelsesbyrået. Ho og mannen hennar dreiv byrået ilag frå 1955 og då han doyde i 1966 heldt Gunvor Hoff fram åleine. Når ho no sluttar vert ho sakna av mange. — av klientar og av tilsette i kyrkjesektoren. Ho var i alle desse åra ein del av kyrkja sitt liv. Roleg og tillitsfull møtte ho alle som var i sorg og trong hjelp. Dei som no skal drive byrået er Marianne og Kjell Arne Gangås.

Aksjon Håp

har sendt redaksjonen denne takkehelsinga.

Det vises igjen når Ola Nordmann reiser seg for å ta eit tak. Dette med aksjonar og skipperetak kan vi.

Trass i protestar og motaksjon veit vi at folket vårt i år ville gi eit handslag til norsk misjon.

Vi i Det Norske Misjonsselskap er takksame for dette og vil her nytta høvet til å takke alle dei som brukte tid og krefter på å organisera aksjonen, og til dykk som bar bøsser.

Vi er takksame for dei midlane som kom inn. Dei set oss i stand til å formidla ei naudsynleg og kjærkomen hjelp til mange tusen.

Olavsgården

Som mange vil huske solgte Nidaros Bispedømmeråd ifjor stiftsgården sin oppe på Berg. Pengene ble brukt til å kjøpe seg inn med aksjer i Olavsgården.

I månesskiftet januar/februar 1983 vil Olavsgården kurs- og konferansesenter stå ferdig. Byggingen startet like over nyttår 1981, og det har vært spennende å følge med i utviklingen. Allerede i dag kan vi slå fast at bygget vil vere verdig den funksjon det skal ha som kirkelig kurs- og konferansesenter — det første innen Den norske kirke.

Men bygget i seg selv er ikke nok - mye viktigere er det miljø som skal prege virksomheten ved senteret.

Dronning Mauds Minne vil selv stå for en del av arrangementene, men vil også i samarbeid med kirken og de kristne organisasjonene invitere til konferanser, møter og utdanningstilbud av felles interesse. I vakante perioder vil Olavsgården leie ut lokaler til andre interesserte for egne arrangementer.

For å kunne samordne de forskjellige tilbud vil det bli ansatt en egen undervisningsleder for

Olavsgården, og denne vil også være ansvarlig for det åndelige miljø ved senteret.

Vi vil med dette ønske velkommen til de kurser/seminarer og retreatar som tilbys ved kurs- og konferansesenteret. Dersom du og din menighet ønsker et spesielt tema belyst, ber vi om at du kontakter oss og vi vil forsøke — gjerne i samarbeid med dere — å finne frem til et godt arrangement. Er det utelukkende ønske om leie av lokaler, er også dette mulig.

Vi har store forventninger til den virksomhet som blir tillagt kurs- og konferansesenteret. Med den beliggenhet Olavsgården har nesten midt i landet håper vi at riktig mange vil benytte seg av senteret, og at aktivitetene her kan vere med på å berike lokalmiljøene rundt om i landet.

Olavsgården vil få tilsammen 30 overnattingsrom — 40 dobbeltrom og 26 enkeltrom (som kan omgjøres til dobbeltrom). Dessuten er det kurs- og konferansesenter, salong, bibliotek, spisesal og kirke med 10—120 sitteplasser.

I tillegg til den øvrige funksjon, vil Olavsgården også vere stiftsgård for Nidaros Bispedømme. Olavsgården er bygget på Dronning Mauds Minnes eiendom Dalen i Trondheim. For den som ikke er lokalkjent vil dette si at Olavsgården ligger i et meget pent og rolig strøk av Trondheim — midt i en stor park.

Vi ber om at menigheten husker virksomheten ved Olavsgården i sine bønner.

Den store forskjell

Eg sikter til den måten folk ter seg på når dei viser si glede over vakker song og musikk, t.d. i kyrkja.

Her var eit Svensk ektepar og heldt konsert ved Moe Kyrkje, og med stuvande fullt hus. Og bifallet etter dei ymse numrane lyfte mest taket av kyrkja, og dette gledde sikkert kunstnerane mykje.

Så hadde me ein songkveld i same kyrkja føre helga og med bra mykje folk da og. Da var det eit barnekor frå midtbygda, og eit familiekor frå Svorkmo som song, — vakker song det og som fortente stor fagning frå kyrkjelyden, men nei — her skulle det ikkje synast noko glede over deira prestasjonar. Kven av oss veit om det ikkje millom desse små songarar i framtida vil syne seg og verta ein stor kunstner? Kvifor skal det vera fbrskjellmpå «kong Salamon og Jørn Hattmaker»?

Kn. L.

Utstyr til fjellkirka:

I Menighetsbladet for oktober hadde vi ei ønskeliste over utstyr til fjellkirka. Allerede nå kan vi melde at følgende av utstyret på den lista er på plass:

Melodiboka
Småputer til køyene
34 sengelamper
Støvsuger
Kleshengere
Skrivebordslampe
Kjøkkenhåndklede
Åkle

Hjertelig takk! Det var gledelig med så rask respons. Vi minner ellers om det øvrige som står på utstyrslista i oktobernummeret.



Johan Hukkelås

døde den 19. september og eit sørgebod gjekk over bygdelaget vårt. Hukkelås hadde vore til gudsteneste på føremiddag denne søndag og døden inntrådte ved 23-tiden om kvelden. Så fekk vi enno eingong sjå sanninga i ordet om at «Ingen kjenner dagen før solen går ned».

Hukkelås vart 62 år gamal. Han var fødd på Geitastranda og utdana seg til lærar. Han gjekk Levanger lærarskole og tok seinare spesialutdanning som hjelpeleiar og lærar for barn med hørselsvanskar. Han tenestegjorde ved fleire skoler til han 1/1/1974 vart spesialpedagog ved PPD-sentret i Orkdal. Da kjente han det som han «var komen heim att». Han var i sin barnedoms prestegjeld.

Hukkelås var ein aktiv mann både kommunalt og i kristen arbeid. Det var dei små og hjelpelause i samfunnet som sto hans hjarte nærast. Slik var det så naturleg at han vart medlem av Orkdal sosialstyre og formann i barnevernsnemnda. Han var aktiv med i sin eigen kyrkjelyd, — medlem av Orkdal sokneråd og formann i Orkdal kyrkjelege Fellesråd. Også i kyrkjelege organisasjonar og i fråhaldsorganisasjonar var han svært aktiv. Han vert saknande av mange. Vi lyser fred.

K.R.

Orkla Samvirkelag

12 S-butikker
1 Domus-varehus
BYGGESENTER
ELEKTRISK INSTALLASJON
RØR - SANITÆRAVD.
SYSTEMHUSAVD.
NOROL - SENTER
BILVERKSTED
VERKSTED RADIO/TV
VERKSTED KJØL/FRYS

FA MEDBESTEMMELSE
— BLI MEDLEM I
S-LAGET

S S-LAGET

TORFINN SVARTES TANKAR

Eg kjenner meg heilt som ein dummetter eller ein klovn. Du veit ein slik ein som dei kjem trekkande med på sirkus, — ein som allestader er i vegen og alle har til lått, men som likevel ligg med og freistar etter evne å skulle gjera det same som andre —, men alltid mislukkast. Ein slik klovn er eg.

Det starta i fjor haust da det skulle vera val på sokneråd. Eg har lenge tenkt at det kunne vore greitt å vore med der eingong. Så har eg da også ymta frampå nokre gonger og lagt meg borti ymse kyrkjelege saker såvidt folk skulle skyna at her hadde dei ein brukbar mann. Og sanneleg kom eg på lista også — ikkje så langt ned på lista heller. Da eg fekk sjå lista, kalkulera eg straks med at no — no

ulle det lukkast. Eg sa det med ho emmerentse om kvelden at «no Emmerentse er eg mest sikker på å koma inn i soknerådet». Men trur du at eg vart vald. Ikkje så mykje som varamann på ein skikkeleg plass — vart eg. Ånei, folk har nok ikkje lenger sans for å velja rett mann på rett plass. Så var det denne elgjakta no siste hausten.

Her hadde eg gått ilag medn Ola og han Per alle dagar tilendes utan å sjå elgliv, og så siste dagen så ser eg han Per segja noko til meg, men eg høyrer ikkje kva det er. Så segjer eg, du får tala høgare. Han segjer noko ein gong

til og det er mest berre kviskringa. Då vert eg arg og ropar kvasst. — «Kva er det du seier gut», og med det same sprett eit elgpar ut av ein skogkrull ute på myra og er utanfor skotthald før vi veit sansa oss.

Og så skuldar dei på meg avdi eg hadde ropa så fælende høgt. Men kunne han ikkje ha tala skapeleg han Per? Stå der å kviskra på kvinnfolkvis. Men sjølv segjer han at han berre ville gjera meg merksam på at han trudde det var elg ute ved skogkrullen. Berre noko han segjer etterpå, sjølv sagt. Og trur du ikkje han Ola hosta utav seg at neste år var dei ikkje sikre på at eg fekk vere varamann til elglaget heller. Nei alt har gått så på tverke for meg denne hausten. Som med denne høykjøringa også. Her har eg alle år freista å vera ein kyrkja sin mann og trur du ikkje denne prestefaren skulle koma å sjå at eg køyrde høy ein søndag og det klokka halv eit midt på blanke fine helgedagen. Kva hadde denne presten å gjera i vår grend til ei så kyrkjeleg tid. Han skulle da vel så langt eg veit halda seg i kyrkja da. Andre prestar steller seg aldri slik. Det er eg viss på. Men vår han fer no slik han. Øydelegg helgefreden for folk. Føy og føy, eg kjenner meg som ein klovn.

Torfinn

Det første Gunvor ønsker å si er at hun aldri egentlig har sett på det arbeidet hun har hatt som et yrke. Hun har heller følt det som en oppgave, og for henne har det vært en rik og givende oppgave. Det er godt å føle at en kan være til hjelp for andre mennesker.

Hvordan kom dere i gang med begravelsesbyrå?

Mannen min var snekker og gjennom mange år laget han kister. Så spurte de på sykehuset om vi ikke kunne ta på oss de oppgavene som måtte gjøres i forbindelse med dødsfall og begravelser. Vi ble enige om å prøve og vi startet opp i det små hjemme i Sveligata.

I 1966 døde plutselig Gunvors mann. Det ble et hardt slag for henne og familien. — Jeg snakket med sønnen min, og vi ble enige om å prøve å fortsette iallefall 1 år. Det var slitsomt, men det gikk og det ble slik at jeg fortsatte til i dag. Gjennom alle disse

årene har jeg hatt god hjelp av barna og svigerbarna mine.

I løpet av årene er det mange som har vært i stua hos Gunvor for å få hjelp når de hadde mistet noen av sine. Er det noe du husker med særlig glede Gunvor?

Det har alltid gledet meg når noen etter en begravelse sendte meg et lite brev eller en hilsen. Det er godt å føle at folk setter pris på den hjelpen som en prøver å gi dem i en vanskelig situasjon.

Det å hjelpe mennesker som har mistet sine vil vel alltid være vanskelig. Hva tror du er viktig å huske på i slike sammenhenger?

Det er veldig viktig at en er varsom og hensynsfull og lytter til hva mennesker har å si før en selv sier noe. Det er så veldig lett å såre.

Du har nå hatt denne oppgaven i snart 30 år. Mye har forandret seg siden starten.

Synes du det har skjedd noen positive forandringer?

Jeg synes det er positivt at folk er litt mer hensynsfulle enn før. Før hendte det ofte at jeg ble oppringt midt på natten eller på helligdager som 1. juledag og 17. mai. Nå er det mer slutt på det og det gjør at det blir mindre slitsomt.

Har du opplevd noen negative forandringer da?

Jeg synes at folk noen ganger viser litt for lite ærbødighet overfor de som er døde. Høytiden i begravelsen tas lik-som ikke helt på alvor — det kan gjelde klesdrakt og andre ting. Vi kan såre andre ved måten vi er på i slike anledninger og det skal vi være forsiktig med.

Det er mange som vil takke Gunvor Hoff for den gjerningen hun har gjort. Hun har alltid utført den med pålitelighet og troskap. Samtidig er vi glade for at noen allerede har tatt over etter henne. Marianne og Kjell Arne Gangås tok fra 1.11. over begravelsesbyrået og vi vil benytte anledningen til å ønske dem lykke til med den tjenesten de skal utføre.

SØVASSKJØLEN FJELLKIRKE

postgiro 3675436 GJØLME.
EI KIRKESAK FOR ALLE
I ORKDAL.



For de aller fleste Orkdalinger er navnet Gunvor Hoff et kjent navn. Gjennom flere ti-år har hun drevet begravelsesbyrå her i dalen, og mange er de som hun har fått hjelpe i en vanskelig situasjon. På grunn av sviktende helse avslutter nå Gunvor Hoff denne tjenesten som hun begynte med sin mann i 1954. Vi syntes derfor det var på sin plass med et intervju og besøkte henne hjemme i Sveligata.

Orkdal kristelige skolelag



Mange fell vel nyss i at Orkdal kr. skolelag i haust feira 50-årsjubileum. Det er med andre ord 50 år sidan laget vert stifta, altså i 1932. Dei var berre 3—4 ungdomar frå starten av. Sidan auka det på til det nådde ein topp av medlemmer på 60—70 talet. Men kven er det som er medlemmar i laget i dag? Vi er rundt 30 «spreke» Follotræl som kjem frå både Lensvik, Meldal, Rindal og Orkdal. Fleles for oss alle er at vi veit at Jesus døde for våre synder og at han ikkje berre døde, men sto opp att og lever i dag. Kva er det egentlig vi driv med? Felleskapet er viktig. Vi har vårt eige rom på Follo og det blir flittig bruka. Kvar matfriminutt samlast nokre av oss både for å få kroppsleg og åndeleg føde. I lagsrommet er det eit kjøleskap som inneheld både mjølk, juice og yoghurt og det er med på å få folk ned i lagsrommet.

Kvar tysdag kjem det opp ein plakat om at det er andakt i lagsrommet i matfriminuttet. Denne andakten går på omgang mellom elevane. Mest kvar tysdag er lagsrommet fullt. Nokre gongar må ein ty til golvet skal ein få seg ein plass å sitte og det er berre triveleg. Dei andre dagane samlast vi og om Guds ord. Anten er det ein som les eit stykkje frå Bibelen, eller vi ber sammen eller vi berre sit og snakkar saman om aktuelle tema. Av og til hender det at ein tek gitaren og spelar medan vi andre syng med.

Før om åra har det vore lagsmøter minst ein gong i månaden. Men sidan flesteparten av medlemmane bur heime, har det vist seg at det er vanskelegare å arrangere så mykje på kveldstid. Vi har hittil i år hatt to lagsmøter og vi skal ha eitt til før jul. Når det lir mot juletider går sjølvsagt den tradisjonelle juletreffesten av stabelen. Den

vert i år den 16. desember.

Det høyrest kanskje lite ut med berre 3 lagsmøter før jul, men for å «bøte» på det har vi lagt om arbeidet litt i år. Vi har prøvd på å legge meir av lagsarbeidet til skuletida, for då har i alle fall flesteparten av elevane høve til å vera med.

I midt-timen på torsdag har alle elevane fri. I dei timane har vi hatt minilagsmøter. Minilagsmøter er altså noko nytt av året. På dei møtene er det andakt, allsong og kaffe m/tilbehør. Vi har hatt vitjing av både Jostein Høyvik og Tor Veland som har holdt andakt for oss. Ellers har vi tydd til vår egne krefter.


I fjor var laget på Orkanger aldersheim ein tur. Vi fekk fri frå skulen nokre timar og drog i veg med friskt mot. Vi både song og vitna for dei eldre. Etterpå gjekk vi litt rundt og snakka med dei. Dei eldre sette stor pris på at vi kom og det gav dei tydeleg uttrykk for og ønskte oss velkommen attende. Når det lir ut i november, skal vi ta oss ein tur på sjukeheimen på Fannrem og vitja dei. Det er noko som vi alle ser fram til. Vi vonar vi kan få ei god stund saman og at vi kan få gje dei eldre eit lys gjennom songen og vitnespyrda våre.

Eg må vel kanskje nemne weekend og. I fjor hadde vi weekend på Bakksætra først på februar. I år har vi vorte samde om å ha weekend på Fjellkirka. Vi kjem ikkje til å ha weekend før det lir mot vår og det blir litt varmare i veret att, kanskje på april eller mai. Vi har enno ikkje planlagt den weekend noko i detalj ettersom det er ei god stund til enno. Men det er i alle fall noko som vi alle ser fram til med glede og spenning.

Dette vart nokre få ord om kva vi i Orkdal kr. skolelag driv med. Målet vårt er at fleire må få sjå det at Jesu frelsarverk gjeld for alle og at alle kan få del i sanninga. Det er verdt å bli klar over kor viktig det er at det blir drive eit aktivt skulelagsarbeid både i og utanfor skuletida.

Eg vil til slutt gjerne seie ein stor takk til dykk som ber for laget og den verksemda som blir drive der. Vi veit alle at det er makt i dei folda hender.

Formann
Ingrun Gåsvatn



Habakkuk 3.18—19.

«Men jeg vil glede meg i Herren, juble over min frelsers Gud. Herren Gud er min styrke. Han gir meg føtter som en hind og lar meg ferdes på høydene».

Det er virkelig godt å vite at Gud vil hjelpe oss og gi oss styrke. Vi trenger ikke frykte når vi blir satt til oppgaver vi tror vi ikke kan klare. Herren vil hjelpe oss og styrke oss. Selv om vi har 30 kg med lekser og 2 på prøvene vene så er han med og hjelper oss, hvis vi er villig til å ta i mot hans hjelp. Vi har ingen grunn til å være trist og deppa. Nei, vi som har fått oppleve at Jesus har frelst oss og kjøpt oss fri. Vi trenger bare å be Jesus om å tilgi oss vår synd, og det gjør han. I stedet for å klage bør vi heller bringe budskapet videre så andre kan få ta del i Guds rike. Der er det bare godhet og miskunnhet, og vi får bo der til evig tid.

Edward Georg Hagen

Helårs-
trim



A. Todal's

Eftf.

Tlf. 80 278
Orkanger.

Forts. fra side 2

Barnetreff Kjøra:

Fredag 26. november kl. 16.30.

Adventsfest Kjøra:

Vi minner om adventsfesten på Kjøra fredag 3. desember kl. 19.30, hvor blant annet barna fra Kjøra deltar.

Samtidig vil vi ønske den nye klokken velkommen. Det er Ellen Antonsen. Vi ønsker henne Guds velsignelse i den tjenesten som hun nå går inn i.

Ungdomsarbeidet:

19.11. kl. 19.30: Gospelkveld i Orkanger kirke. Ungdomskoret «Fides» fra Ørland besøker oss.

26.11. kl. 19.30: Filmkveld. Vi viser filmen «På flukt».

3.12. kl. 19.30: Åpent hus.

9.12. kl. 19.30: Grautkveld.

Eldretreff

på Orkanger aldersheim lørdag 11.12. kl. 17.00. Sang av Orkanger familie-musikklag. Andakt ved Kaare Rogstad.

Frelsesarmeen på Orkanger 60 år

Det er i høst 60 år siden Frelsesarmeen startet arbeid på Orkanger. Gjennom disse årene har de utført et frostat arbeid i Orkanger menighet. Jubileet vil bli feiret 4.—5. desember og ved gudstjenesten i Orkanger kirke den 5.12. vil Frelsesarmeen delta.

Orkland menighet

Tenkvelde

Fredag 19. november kl. 19.30 er det igjen tenkveld. Fredag 3. des. kl. 19.30. Da får vi besøk fra Fredly. Pizzakveld.

Adventsamling

Søndag 5. des. kl. 16.00 blir det familiesamling på Svorkmo Misjonshus. Barnegospelkoret vil vere med. Det blir vist 2 filmar. Vi har andakt og bevertning og utlodning.

Lysmesse

Søndag 28. nov. kl. 19.00 blir det lysmesse i Moe kirke. Speiderane og konfirmantane vil delta i gudstenesta.

Syng jula inn

Søndag 12. des. kl. 19.00 syng vi julesongar. Orkland Mannskor blir med.

Samleis blir også Orkdal Ungdomskor med.

Kirkeskyssen

Vi har fått orden på kirkeskyssen igjen. Kvar gudsteneste fram til nyåret vil det bli kirkeskyss til. Vi vil bruke drosjer. Til vanlege gudstenester blir det avgang Hoston kl. 10.15. Fra Vormstad kl. 10.30 går det 2 drosjer over Monset, Svorkmo og til kirka. Nytt er det at det vil også gå ein bil fra Svorkmo kl. 10.20 over Kvikne og jåren og ned til kirka. Billettprisen tur—retur blir kr. 10,—. Til kveldsgudstenester blir det avgang fra Hoston 45 min. før gudstenesta. Fra Vormstad 30 min. og fra Svorkmo over Kvikne 40 min. før gudstenesta.

Eldretreff

Torsdag 2. des. kl. 10.30 blir det igjen eldretreff på Svorkmo Misjonshus. Ordførar Kåre Gjønnnes vil komme og orientere om aktuelle saker som er under utføring og planlegging for Øvre Orkdal. Det blir rikeleg anledning til å stille spørsmål. Andakt og bevertning.

Bil fra Hoston kl. 9.30. (Sei frå til Arne Belsvik). Buss fra Havik kl. 10.00 om Vormstad, Monset, Svorkmo.

Alt på én
Uni-Polise



Norges
Brannkasse

Forsikrer alt du setter pris på.
Branntakstbestyrer
Olav Ree, 7300 Orkanger
tlf. 80800 — 80878

Trelast og bygnings-
artikler på lager.
Gunstige priser

Orkdal
Sag & Høvleri

Tlf. 82265

Lat oss bera bodet om fred!

Madagaskar-brev frå Anne-Marie Ueland.

«Kor fagre føtene deira er soim forkyner fred, som ber godt bod» (Rom. 10, 15b).

Nei, dei er så visst ikkje vakre —føtene til misjonærene som har arbeidd sitt i skogområda på Madagaskar. Ser du dei der dei traskar til fots frå by til by, gjennom elvar og gjengrodde stiar, gjennom sørpedike og under ei varm tropesol eller når regnet siler ned — med det gode budskap som bør?

Når dei kjem heim etter ein turne på ei til tre veker, kan såvisst føtene både verkja og sj vonde ut. Ofte fulle av sandlopper. Opphovna etter gang i sørpe, vatn og varme, svullar og gnagsår med negler som er meir eller mindre deformerte etter tidlegare turnear. Nei, fagre er dei ikkje. Men så var det vel heller ikkje det som var meint med bibelordet.

Om føtene ikkje er fagre slik i det ytre, er bodskapen dei går med så fantastisk at det ytre vert gløymt. Dei går med bod om fred — om frelsetil hungrande sjeler som ofte skjelv i redsel for åndene si straff. Trur du dei er velkomne? Dei ber: Kom att — vi vil gjerne koma — berre nokon kjem og forkyner.

Lat oss bera bodet om fred til dei medan dei enno er glade for å få det.

Forts. fra side 2

Så står vi ikke rådvill, men trenger heller ikke undskylde oss: Du vet ganske meget om hvorledes ditt liv skulle leves idag. Og også idag sår du.

John Meyer.

Ny kassett av
ORKLAND MANNSKOR:
"LA EN SANG KLINGE I
DIN SJEL".

En passende julegave!
Henvendelse til
Arnt Gangås,
Fannrem, tlf. 82260.

VELKOMEN TIL KYRKJA

28.11. 1. s. i advent

Geitastrand k. kl. 11. Høgmesse v/prost Rogstad. Nattverd. Offer til søndagsskolen. Buss frå Husdalen. Moe kl. 19.00. Lysmesse v/res.kap. Aasen.

5.12. 2. s. i advent

Orkanger kirke kl. 11. Høgmesse v/kallskap. Sletthjell og oberstløytnant Albert Moen. Offer til frelsesarmeen.

Ustjåren grendstuggu kl. 11. Gudstjenestelig møte v/prost Rogstad.

Orkdal k. kl. 20. Lysmesse ved Kateket Solheim og res.kap. Aasen. Torshuskoret syng.

12.12. 3. s. i advent

Geitastrand kl. 11. Familiegudst. v/prost Rogstad. «Vi syng jula inn». Offer til menighetsarb. Gjølme Blandakor. Buss frpå Råbygda.

Orkanger k. kl. 18. Lysmesse v/kateket Solheim og kallskap. Sletthjell.

Moe k. kl. 19. Kveldsmesse. «Vi syng jula inn» v/res. kap. Aasen.

Vaktliste

27.—29. nov. Aasen tlf. 84 188
4—5 des. Rogstad tlf. 82 142
11.—12. des. Sletthjell 81 044

Bøker Leketøy Papir
Damevesker

**Nik. Konstads
Bokhandel**

7301 Orkanger

Orkanger Gartneri

Orkedalsvegen 10

Inneh. Oddny Blomli

Tlf. 80 348

Alle sorter blomster til alle slag
anledninger. Kistepynt utføres.

SØLVVARER

til

BARNEDÅP BRYLLUP

KONFIRMASJON

Gullsmed

John
ROHME

7300 Orkanger

Bestill time for fotografering.

Fotograf J. Sødahl

Tlf. 80259

Orkanger

SKOTØY

for hele familien.

Ingv. Solbu eftf.

Orkedalsveien 71

7300 Orkanger

**OPPFOTOGRAFERING
AV GAMLE BILDER**

Gjør familieveggen komplett.
Vi hjelper Dem med dette.

Fotograf Kvarsnes

Plater og musikk-kassetter
stort utvalg i gitarer.

Tlf. 80 356 Orkanger

Kjolen

finner De hos

Dagny Korsli A.s

BARDSHAUG

Tlf. 80 395

ORKDAL MINNEFOND

De får blankettar hos:

Gunnar Melås, Kåre Gjønnnes, Jan
Magne Fagerholt, Sissel Solem,
Einar Bjørndal, Borghild Asphjell,
Dagny Korsli, Harald Hukkelås,
Bankane, Alfild Engen.

ORKLAND MINNEFOND

Blankettar hos:

Klara Aamot, 7330 Svorkmo
T. Rein, Vormstad, 7330 Svorkmo
M. A. Staveli, 7334 Hoston

ORKANGER MINNEFOND

Blankettar hos:

Harald Hukkelås, Bankane.

GEITASTRAND MINNEFOND

Blankettar hos:

Gunerius Kjøren.